

## **Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021**

**Terje Søviknes (FrP)** Sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 2

For å auka innovasjonsgraden bør ein stilla krav om at laksen skal stå i anlegg som tilfredstiller minste miljøkrav (null utslepp av egg og frittsymjande stadier av lakselus, samt minimum 60% oppsamling av slam) gjennom heile livssyklusen i sjøfram til slakting.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.  
Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune ønsker etablert ei ordning for tildeling av miljøteknologiløyve i sjø til akvakultur med laks og aure.
2. Vestland fylkeskommune meiner det er behov for ei ordning med løyve som gjev incentiv til innovasjon og teknologiutvikling. For å auka innovasjonsgraden bør ein stilla krav om at laksen skal stå i anlegg som tilfredstiller minste miljøkrav (null utslepp av egg og frittsymjande stadier av lakselus, samt minimum 60% oppsamling av slam) gjennom heile livssyklusen i sjøfram til slakting.
3. Vestland fylkeskommune har forventningar til at dersom det kjem på plass løysingar som bidreg til eit havbruk som i mindre grad enn dagens oppdrett påverkar miljøet, vil det kunne bidra til auka produksjon, verdiskaping og sysselsetting.
4. Vestland fylkeskommune meiner at område med terskelfjordar og som i trafikklyssystemet har gult eller raudfarge må prioriterast ved tildeling av miljøteknologiløyve. 5. Vestland fylkeskommune tilrår at storleiken på vederlaget er tilpassa betalingsevna i innovasjonsmiljøa.